



Til medlemmar i Driftsstyret
ved Kleppe skule

REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE TORSDAG 07.05.20 KL.18.00 - 20.00

Stad: Personalrommet, personalinngang

Dei som skal vere med via video blir oppringt

Tilstade: Aghdas Paya, Inghild Versland, Sissel Håland, Einar Erga, Margareth S Roba, Selma Walde Nygård, Simon Giæver og Sylvia Gjersdal

Meldt forfall: Jan Arild Anda

SAKLISTE

Sak 19/19-20 Godkjenning av referatet frå 05.02.20

Referatet vart godkjent utan marknad

Sak 20/19-20 Høyring: Nye krinsgrenser Kleppe, Bore og Kleppeloen skular

Info sendt i e-post tidlegare. Her er lenke til saksdokumenta:

<https://www.klepp.kommune.no/politikk-og-innsyn/kunngjeringar/>

Høyringsfrist er 15.mai 2020

Rektor informerte om saka og dei ulike framlegga. Informerte om at vi har fått munnleg beskjed om at alle elevane på Kleppe skule skal til Klepp Ungdomsskule, uansett om det blir framlegg 1 eller 2. Medlemmane i dei ulike organa sa kva dei tenkte kring saka. Driftstyret drøfta saka utifrå elevane på Kleppe skule sitt beste. For Driftstyret er det viktig at saka blir grundig vurdert før det blir eit politisk vedtak. Desse punkta er viktige meiner eit samla Driftsstyre:

- Elevane på Kleppe skule bør ikkje splittas til to ungdomsskular, i alle fall ikkje når det kun er ei lita gruppe til ein ungdomsskule.
- Det er viktig at ny skule gjer at elevtalet på Kleppe skule totalt blir lågare enn nå.
- Trygg skuleveg er viktig for alle elevane uansett kor dei bur og kva skule dei skal til.
- Det er viktig å ta omsyn til elevane sitt nærmiljø, dersom kun ei lita gruppe frå Verdalen skal til Kleppe skule vil det vere kun ei lita gruppe som høyrer til eit anna idrettslag etc, desse bør då vere fullt innlemma i Kleppe krins lokalmiljø, noko som bør vere fullt mogleg.
- Begge framlegge gjer fleire elevar til Kleppe skule enn det som var tenkt i forrige høyring, det vil ikkje vere særleg skilnad på dei to framlegga.

Driftstyret konkluderer einstemmig med at det ikkje vil ha særleg betydning for Kleppe skule om ein vel framlegg 1 eller 2, men at det er framlegg 2 som er minst inngripande for nærmiljøet. I framlegg 2 er det elevar som allereie går på Kleppe skule som skal bli verande på Kleppe skule.

Alle organa kan sende eigne høyrings svar om ønskeleg.

Sak 21/19-20 Orientering om høyring forslag til ny opplæringslov

Du finn saka her:



<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2687171/>

Orientering frå rektor om forslaget til opplæringslova, nokre av momenta.

Og her er sjølve høyringa:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/0147d443bfd49f9971f54bfc26b5972/nou-2019.pdf>

Momenter som er viktig å merke seg er at det er forslag til endring av FAU, Driftsstyre/SU og Elevråd.

Høyringsfrist er 1.juli. Vi har møte 11. juni og saka kjem opp då.

Sak 22/19-20 Informasjonssaker

- **Utbygging**

Informasjon om status. Arbeidet er starta opp. HMS er det gode rutinar for.

- **Økonomi**

Informasjon om økonomi pr april 2020. Vi har eit meirforbruk. 500000,- av meirforbruket frå 2019 er med inn i 2020-rekneskapet. Skulen gjer innsparingar for å kome i balanse.

- **Orientering om tillegg til ordensreglementet Klepp kommune** (i samband med Covid 19) <https://www.minskole.no/DynamicContent/Documents/517-kleppe-Utfyllande-ordensreglement-Klepp-Kommune-a618b60a-5a73.pdf>

- **Saman om eit trygt og godt nærmiljø**

Orientering om arbeidet så langt. Det har vore to-tre møter i komiteen. Planlegg krinsmøte rett etter Gleding-dag 17.september.

Sak 23/19-20 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn & Unge

Elevrådet: Har ikkje hatt møter nå pga stengt skule.

FAU: Møter har vore avlyst på grunn av korona. Har vore i dialog med skulen i samband med skolestenging og gjenåpning og Kringsgrenser. Framover blir det å tenke oppstart FAU neste år.

Hovudutvalet: Har ikkje vore møte nå i denne perioden. Kringsgrenser, høyring er ei sak som kjem opp nå på neste møte.

Skulen /SFO: Koronaperioden har vore krevande, men det har fungert godt i heimeskuleperioden grunna flotte elevar, foreldre og tilsette. Omsorgstilbodet og heimeundervisning starta opp med det same skulen stengde.

Oppstarten har gått fint, rigger nå for oppstart 5.-7.trinn.

Klepp kommune, 15.05.20

Sylvia Gjersdal
Rektor